

Ernst Håkon Jahr: *Language planning as a sociolinguistic experiment. The case of modern Norwegian*. Edinburgh: Edinburgh University Press 2014, 218 sider, og *Språkplanlegging og språkstrid. Utsyn over norsk språkhistorie etter 1814*. Oslo: Novus 2015, 157 sider.

I 2014 gav Ernst Håkon Jahr ut ei bok på engelsk som er ei vidareføring av den eldre *Utsyn over norsk språkhistorie etter 1814* (1989), og som samanfattar tema Jahr har arbeidd med heilt sidan hovudfagsoppgåva om *Østlandsk reisning* frå 1976. Dei analytiske grepa i *Language planning ...* vart så innarbeidd i ei ny norsk utgåve av *Utsyn* som fører framstillinga fram til i dag, der den eldre boka blir omtala som “utkast” (Jahr 2015: 153). Dei to nye bøkene har same inndeling og overordna grep og kan godt vurderast samla, men dei er naturleg nok tilpassa publikum med ulike kunnskarar om norsk ålmenn- og språkhistorie. Eg tek utgangspunkt i den engelske boka (2014), men det meste som blir sagt om ho, gjeld òg den norske (2015). Eg viser til dei to bøkene med utjevingsår der eg kommenterer likt og ulikt.

Lat det først vera sagt at eg synest Jahr har lukkast godt med prosjektet sitt: å skildre korleis den nyare norske språkhistoria heng tett saman med den politiske historia, og korleis språkplanlegginga var eit politisk prosjekt. Bøkene følger ei kronologisk inndeling der språkhistoria blir skipa i tre hovudperiodar: Den språknasjonale perioden (*The nationalist period*) 1814–1917, Den språksosiale perioden (*The sociopolitical period*) 1917–1966 og Frå ein-standardstrategi til permanent to-standardtilstand (*From a single-standard to a two-standard strategy*) etter 1966. Også innanfor desse periodane er kapitla for ein stor del kronologiske, med den konsekvensen at same tema dukkar opp fleire stader, t.d. talemål i skulen.

2014 har ei innleiing som introduserer den norske språksituasjonen og historia, og kvart kapittel byrjar med ei side eller så om den politiske utviklinga i perioden som bakgrunn for språkpolitikken; siste kapittel konkluderer og skildrar situasjonen i dag. 2015 har ei tilsvarande ti-siders oppsummering av hovudpunkta til slutt. 2014 blir avslutta med ei liste over ulike nemningar som har vore bruka om norske (skrift)språkvarietetar, ei nyttig tidslinje over viktige hendingar knytte til språkplanlegging og -konflikt, og eit grundig stikkordregister. Særleg det siste er eit sakk i 2015.

Både bøkene tek utgangspunkt i Einar Haugens modell for språkplanlegging i fire steg (Haugen 1966a og b; modellen er seinare revidert litt):<sup>1</sup>

1. Jahr (2014: 10) viser til ein annan artikkel av Haugen om språkplanlegging, men ikkje denne firestegsmodellen, som derimot er presentert i Haugen (1966b).

- 1 Val av norm (*selection*) som standarden skal byggje på
- 2 Kodifisering (*codification*) av alle språklege nivå
- 3 Implementering (*implementation*) av norma i språksamfunnet
- 4 Vidareutvikling (*elaboration*) av norma til å dekkje alle samfunnsområde

2014 har dessutan eit meir ambisiøst teoretisk mål om å finne ut korleis den norske situasjonen kan bidra til forståinga av språkplanlegging meir ålment og svara på spørsmålet “To what extent can language planning be a sociolinguistic and sociopolitical experiment?” (2014: 1). I 2015 heiter det at det ikkje er “nødvendig her å skrive så mykje generelt om feltet språkplanlegging” (s. 10). Dette heng vel saman med det ulike publikumet bøkene siktar seg inn mot.

Eit viktig poeng for Jahr er at språksituasjonen i Noreg i 1814 slett ikkje var unormal, men derimot ein klassisk diglossi-situasjon ein kan finne mangstad. Ingenting *måtte* skje, og det blir derfor ekstra interessant å undersøkje *kvifor* noko skjedde. Jahr gjev tre hovudgrunnar (s. 23): 1) nasjonalromantikken som ideologisk premissleverandør; 2) at skriftspråket dansk etter 1814 var utanlandsk; og 3) at overklassesosiolekten<sup>2</sup> var eit resultat av språkkontakt i unionstida. Dette førte vidare til ein strid om namnet på språket: Frå Grunnlova 1814 (novemberversjonen) vart “norsk” bruka noko, men etter kvart erstatta av nøytrale nemningar som “Modersmaalet” (s. 25 ff.); særleg P.A. Munchs kritikk av å kalle språket “norsk” blir trekt fram, før vi kjem til dei første spede fornorskingsforsøka til Wergeland og Asbjørnsen og Moe. Jahr peikar òg på eit underkommunisert faktum i norsk språkhistorieskriving: Det mest populære standpunktet – gjennom heile 1800-talet – var status quo: å halde på det danske skriftspråket som det var (s. 31 f.). Men fordi noko faktisk skjedde, har den historiske interessa konsentrert seg om dei som ønskte endring. Dette er eit døme på det ein kan kalle teleologisk historieskriving: Vi er interesserte i det i fortida som peikar fram mot notida.

Som i tidlegare bøker av Jahr møter vi spørsmålet om kor gammalt Noreg er (s. 24 f. og sidan i kapitla om Knudsen og Aasen; tanken er frå Jahr 1992 [1986]). Eg er likevel ikkje overtydd om kor viktig dette perspektivet er, og vil heller sjå det som eit epifenomen knytt til motivasjonen for dei to språkreformentorane: Aasens forsvar for bygdemåla og statusen deira mot Knudsens pedagogiske erfaring frå byskulen. P.A. Munch feira påvisinga hans Aasen av

---

2. Jahr (2014) brukar “upper-middle-class speech”, jf. diskusjon om terminologi s. 33. Ein kunne bruka “norsk-dansk” eller “danna daglegtale”, men sidan sosial basis for ei norm er eit viktig poeng hjå Jahr, held eg meg til “overklassesosiolekten”.

bandet frå dialektane til gammalnorsk, medan dette ikkje påverka synet hans på språk i samtida det minste, ei haldning mange i overklassen delte (s. 55). Det viser at historisk perspektiv på den norske nasjonen ikkje måtte koplust til språkreform. Knudsen prøvde på hi sida å skapa motsetnad til dansk og forsøk på å leggje seg etter dansk uttale (Jahr 1992 [1986]: 12 f.). Eit nasjonalt perspektiv hadde dei altså sams, medan skilnaden, som Jahr legg stor vekt på, ligg i kva norm dei valde som grunnlag for standardiseringa si.

Kapittel 3 presenterer programma til Knudsen og Aasen. Det demokratiske aspektet ved arbeidet hans Aasen blir kanskje overdrive: Det var nok slik at han *undersøkte* “all the existing rural dialects” (s. 51), men Aasen peika sjølv (1864: 360) på at “Hardangersk og Sognsk” er dialektar med mange “fuldkomne Former” og derfor høvelege som grunnlag for norma, som så kunne “udfyldes” etter andre dialektar og gammalnorsk. Alle seinare reformer av nynorsk har søkt å inkludere tydelegare andre talemålsgrunnlag (jf. s. 67 f. om midlandsnormalen). Den sociolingvistiske skilnaden i normgrunnlag mellom dei to programma blir tematisert i siste bolk av kapittelet (s. 54 f.), men allereie på s. 42 finst eit frampeik om at Aasen-programmet var “a fundamental sociolinguistic revolution”. Det blir lagt vekt på at Knudsen bruka pedagogiske og demokratiske argument for programmet sitt, medan Aasen først og fremst blir framstilt som eit produkt av nasjonalromantikken. Denne oppdelinga blir for enkel, for Aasen hadde òg pedagogiske argument, og purismen hans Knudsen må kallast nasjonalsinna (jf. førre avsnitt).

Kapittel 4 handlar om korleis språkspørsmålet vart “a major political issue” i siste halvta av 1800-talet. Det dreier seg særleg om politiske vedtak knytte til språket i skulen, og sjølvsagt jamstillingsvedtaket i 1885. Dette blir knytt til den politiske utviklinga ålment, der målsak vart venstresak (s. 59 f.), og til det ideologiske skiljet mellom to kulturar (s. 53 f.). Nynorsk som kyrkjespråk er nemnt i samband med Elias Blix (s. 64 f.), men det kunne vore gjort meir av dette poenget; innføringa av nynorsk liturgi var svært viktig for å spreie landsmålet. Ei viktig understreking er at fram til landsmålet vart obligatorisk i lærarskulen i 1902, var alle vedtak friviljuge, men frå dette året *mätte* studentar skrive landsmål uavhengig av eigne preferansar (s. 70). Dette vart enda tydelegare med sidemålsstilen til artium i 1907, som råka sosiale grupper med jamt over liten sympati for landsmålet (s. 75). Kapittelet fører oss fram til rettskrivingsendringane i 1902 (landsmål) og 1907 (riksmål) og formaliseringa av tospråkstilstanden. Det blir peika på at reforma i 1907, gjennombrøtet for Knudsen-programmet, kom som ein konsekvens av framgangen for landsmålet.

Eit sitat av professor Hjalmar Falk (s. 72) seier dette beint ut (her i original frå *Aftenposten* nr. 338, 8.5.1900): “Ingen Reform er efter min Mening mere skikket til at tage Vinden ud af Seilene for Maalbevægelsen, hvis virksomste Argument altid vil blive Rigssprogets Fremmedartethed.”<sup>3</sup>

Kapittel 5 handlar om utviklinga tidleg på 1900-talet: dei første tankane om ein *samnorsk* og det politiske reformarbeidet fram mot 1917. (Allereie Knud Knudsen hadde for så vidt peika på at det norsk-norske og dansk-norske “målstræv” kunne koma til å møtast.) 1917-reforma kom i to utgåver, obligatoriske og valfrie endringar, for kvar målform. Eit viktig poeng for Jahr er at det var stor *sosiolingvistisk* skilnad på riksmålsvariantane, der dei obligatoriske endringane svara til overklasesosiolekten, dei valfrie til austlandsk gate- og bygdemål. Jahr peikar på at by- og/eller austlandsmåla kunne vera eit samlande grunnlag for eit *samnorsk* skriftspråk, med forkjemparar i *Østlandsk reising*. Det er rett nok at dette var ein ny motivasjon for å hevde desse måla, men liknande tankar var gamle i målrørsla, t.d. hjå Fram-krinsen kring Olaus Fjørtoft, som oppmoda målmennene (særleg dei nasjonalromantisk innstilte Bergens-målmennene) til å “lye meir ette Bryggjesjauaren” (Torp & Vikør 2003: 172–176). Fjørtoft er ikkje nemnd av Jahr (2014), men han og målsynet hans er omtala i 2015 (s. 32 f.).

Kapittel 5 tek òg opp spørsmålet om talemål i skulen (s. 82–85). Den kronologiske disposisjonen gjer at temaet er føregripe på s. 60–62 om 1878-vedtaket om undervisning på dialekt og 1887-vedtaket om danna daglegtale som norm for leseuttale, og har eit etterspel på s. 103 f. om forsøket på å gjennomføre tala riksmål som undervisningsmål i Bergen. Dette får ein del plass, og det med rette: I konklusjonen (s. 169 f.) blir det faktum at norsk skule ikkje har undervist i eit munnleg standardspråk, saman med den skriftlege språkplanlegginga som har fjerna overklasesosiolekten som suveren høg-varietet, trekt fram som grunnen til aksepten for dialektbruk i alle samanhengar i dag.

Kapittel 5 avsluttar det Jahr kallar den språknasjonale perioden, som ut frå målet om å skapa eit norsk mål som skilde seg frå dansk, må kallast “very successful”, og den vidare utviklinga kom til å bli “of a sociolinguistic rather than a nationalistic nature” (s. 97). No var to målformer etablerte, og riksmålet svara til overklasesosiolekten, slik at talarar av denne varietetten ikkje såg nokon grunn til vidare endring. Dei valfrie formene, særleg i riksmål, peika fram mot striden som skulle stå i etterkrigstida.

---

3. Eit døme på kontinuitet hjå Jahr er at “Reform” er feilskrive med liten ‘r’ gjennom alle år (Jahr 1992 [1986]: 15 f.; 1989: 32; 2015: 45).

Kapittel 6 innleier del II og handlar om 1938-reforma, “an audacious sociolinguistic experiment” (s. 120). Etter 1917-reforma kom dei første interne stridane i riksmålsleiren om kva form av riksmål som skulle nyttast. Denne striden, der riksmålsrørsla kjempa mot dei valfrie endringane, mobiliserte ei ny politisk kraft: Det veksende Arbeidarpartiet gjorde målsak til klassekamp. Halvdan Koht la grunnlaget for språkpolitikken deira med vekt på *folkemålet*, anten den skriftlege forma no var landsmål eller riksmål: “[Arbeidaren] kann ikkje la seg hefte korkje med gammalnorsk eller med dansk; han må stile fram imot greitt folkemål” (Koht 1921: 18). Koht kopla dette direkte til klassekampen: “Striden for folkemålet er kultur-sida av arbeidar-reisinga” (op.cit.: 22; sitert i omsetjing av Jahr s. 107). Da Arbeidarpartiet gjekk over frå å vera eit reint arbeidarklasseparti til å femne vidare i 1933, vart både politisk og språkleg samling uttrykt i slagordet *By og land, hand i hand* med samnorsk-forma *hand* (s. 112). Jamvel om denne delen er kalla den “språksosiale”, kjem nasjonal argumentasjon tydeleg fram særleg i debatten om bynamnet *Trondhjem/heim/Nidaros* (s. 107 f.).

Arbeidarpartiet tok initiativ til ei ny rettskrivingsreform som skulle føre dei to skriftspråka saman på folkemålets grunn; sagt på ein annan måte, ei utviding av det sosiolingvistiske grunnlaget for bokmål (s. 113). Rettskrivingskomiteen skulle samstundes redusere dei valfrie formene frå 1917-rettskrivinga (der både “valfrie” og “obligatoriske” endringar i prinsippet var jamstilte), men dette viste seg umogleg, og “løysinga” vart innføringa av hovud- og sideformer (s. 114 f.). Det politiske arbeidet fram mot reforma blir skildra nokså detaljert, og viser tydeleg kor politisk språkplanlegginga i Noreg har vore, t.d. detaljen at 32 stortingsrepresentantar var på talarstolen under saksførehavinga i 1937 (s. 115). Her er òg nokre sider om det konkrete innhaldet i reforma for å underbygge poenget at reforma var ein sosiolingvistisk revolusjon – og eit eksperiment – der bokmål vart “dragged across the salient sociolinguistic line between upper-middle-class speech and the popular urban and rural dialects” (s. 120). Dei obligatoriske radikale formene i 1938-reforma gjorde at talarar av det som utan tvil var det mest prestisjefulle talemålet i Noreg, ikkje lenger kunne stø seg berre på talemålet sitt for å skrive rett bokmål, og med eit kjent sitat meinte Arnulf Øverland at “‘bokmål’ er ikke noget sprog, men en chikane” (Øverland 1949: 51; sitert av Jahr s. 121 med feil referanse). Tradisjonalistane på nynorsksida, med Gustav Indrebø i spissen, var heller ikkje nøgde med reforma, men misnøya deira drukna i brølet frå riksmålsida. Samnorsk kunne verke som ei naturleg løysing på problemet med to skriftspråk, men språk-

planleggjarane tok ikkje omsyn til at dette kravde kryssing av ei språksosial grense og dermed ein sosiolingvistisk revolusjon (s. 125). Oslo-vedtaket om radikalt bokmål i skulebøkene spreidde slike former, og sena var sett for den store samnorskstriden.

Kapittel 7 handlar om kampen for å reversere 1938-eksperimentet, men kronologien gjer at den einaste norske talemålsreforma kjem med her: den nye teljemåten i 1951. Dette er eit framifrå døme på den teknokratiske tilnærminga til språkplanlegging i Noreg, der det som byrja som eit forslag frå Telegrafstyret, vart vedteke av Stortinget. Det viser samstundes kor vanskeleg det er å normere talemål, for jamvel i min generasjon (fødd på 1980-talet) er vi mange som framleis brukar den gamle teljemåten. Men hovudsaka i kapittelet er kampen Riksmålsforbundet sette inn mot samnorsk (som dei kalla radikalt bokmål), særleg bruken i lærebøker. Det låg klare verdidommar attom denne motstanden: Det radikale bokmålet vart sett på som “vulgært” og “stygt”, i motsetnad til det “danna” og “korrekte” riksmålet – ei nemning dei atterinnførte for den uoffisielle norma som stort sett følgde 1917-rettskrivinga. Særleg i denne bolken om riksmålsrørsla i etterkrigstida skin det gjennom at Jahr sjølv er samnorskmann; framstillinga etterlèt liten tvil om kvar sympatien ligg. Det blir til dømes understreka seks gonger (jf. stikkordregisteret s.v. *vulgar*) at riksmålsrørsla såg på folkemålsformer som grammatisk hokjønn som vulgære og/eller stygge.

I alle høve enda det med at Arbeidarpartiet såg politisk risiko i samnorskprosjektet og ikkje lenger ville identifiserast med det; og når eit politisk prosjekt mista den politisk støtta, var det ikkje mykje håp for det – *Landslaget for språkleg samling*, stifta i 1959, vart aldri nokon maktfaktor. Etter intermessio som Smeby-saka (meteorologen som insisterte på å melde vêret på tala riksmål, inkludert former som *sne* og *syd*) og den nye læreboknormalen i 1959, vart Vogt-komiteen oppnemnd i 1964 for å greie ut språkspørsmålet (s. 141 ff.). Dette markerer slutten på den sterke politiske styringa av skriftspråket; samnorskpolitikken hadde vorte ei påkjenning for Arbeidarpartiet, som heller ville setje ut språkspørsmålet til ein ekspertkomité, og Norsk språknemnd var for omstridd til å duge for eit slikt formål (s. 141 f.). Den såkalla språkfredskomiteen kom riksmålsrørsla i møte på fleire punkt, og når Arbeidarpartiet samstundes gav opp samnorskpolitikken, kunne han ikkje lenger føre fram (s. 145 f.).

Målrørsla hadde nokre av dei same interne stridane mellom tradisjonalar og reformatorar som riksmålsrørsla, men dei gjorde mindre av seg; denne

motsetjinga kjem mest bort hjå Jahr. Eit større problem for nynorsken var at krigen hadde endra føresetnadene for det *nasjonale* argumentet for nynorsk fundamentalt (s. 143): I etterkrigsåra var nasjonal haldning definert av åtfërda under krigen, ikkje val av skriftspråk, og riksmålsgeneralen Arnulf Øverland hadde vorte “an ideological hero of the national resistance movement” (s. 129) – ingen kunne påstå at han ikkje var nasjonalsinna!

Kapittel 8 skildrar utviklinga av samnorskpolitikken og konsolideringa av tospråkstilstanden etter 1966. Radikaliseringa i 1970-åra gjorde det mogleg å argumentere for språk som politikk att, som Koht hadde gjort i mellomkrigstida, og både nynorsk og radikalt bokmål vart oppfatta som motkrefter mot “maktspråket” riksmål (s. 152 f.). Dette førte med seg meir bruk av radikalt bokmål og språksosiale argument for nynorsk, til erstatning for det nasjonale argumentet; pussig nok er ikkje dialektbølga etter 1968 nemnd i samband med dette. Tilnærmingspolitikken vart *de facto* oppgjeven med bokmålsreforma i 1981 som atterinnførte ei rekkje riksmålsformer, trass i at språkleg samling stod i føremålsparagrafen til Norsk språkråd heilt til 2002. Dette punktet vart formelt fjerna ved eit stortingsvedtak: som tilnærmingspolitikken starta som eit politisk prosjekt, vart han òg skrinlagd av Stortinget. Mange radikale (samnorsk-)former vart tekne ut av bokmål i 2005-reforma, med argumentasjonen at dei var lite bruka. Som Jahr peikar på (s. 158–160), var dét delvis ein konsekvens av sensur praktisert av forlag og aviser. 2005-reforma fjerna samstundes systemet med hovud- og sideformer, og det same skjedde for nynorsk i 2012. Dei separate reformene av dei to målformene er eit anna teikn på at tilnærmingspolitikken var avslutta.

Kapittel 9 freistar å svara på dei overordna spørsmåla om kva norsk kan lære oss om språkplanlegging meir ålment, og Jahr har to hovudkonklusjonar (s. 164):

- 1 “It is possible to achieve far-reaching results if language planning [...] is consistent with the dominant contemporary ideology.” Den norske språkplanlegginga fram til 1917 vart framstilt som ein *nasjonal* kamp, og lukkast.
- 2 “If language planning involves crossing important sociolinguistic boundaries in a given society, it will need extensive backing and support from a powerful political movement in order to succeed.” Forsøket på slik språkplanlegging i tida 1917–1966 lukkast ikkje.

Utviklinga av eit norsk skriftspråk til skilnad frå svensk og dansk var ein del av nasjonsbyggingsprosjektet, og trass i langvarig motstand var det mogleg å einast om dette. Resultatet vart to nasjonale standardar som språkleg sett var like, men sosiolingvistisk svært forskjellige. Samnorskpolitikken (“a unique socio-linguistic experiment”, s. 165) handla sosiolingvistisk sett om å gjera folkemålet (“the spoken varieties of the lower classes”) til mal for skriftspråket, på kostnad av overklasesosiolekten. Det viste seg at den politiske viljen ikkje var sterk nok til å drive dette gjennom. Men “the demotion of upper-middle-class speech as a model for other speakers” i 1938-reforma har truleg bidrege til den særnorske aksepten for dialektar i offentlege samanhengar, sidan den tidlegare så klåre prestisjevarieteteten vart sosiolingvistisk jamstilt med andre talemål (s. 170 f.). Endskapan vart, som siste overskrift i boka seier (s. 171): “Two national standards continue – Norway will still be special.”

Den norske boka er som nemnt ei oppdatering av *Utsyn* (1989), men har fått ein ny tittel (den gamle står som undertittel). Det er fornuftig, sidan det berre er halve språkhistoria (den ytre) som blir fortald. I overordna analytiske grep, og til dels på avsnittsnivå, følgjer teksten den engelske boka. Her er mindre om den ålmenne historiske utviklinga, som må reknast som kjend for eit norsk publikum, men nokre fleire språklege detaljar, som ventande er. Likevel er ikkje detaljfokuset stort, det er dei lange linene og koplinga mellom språk og samfunn som er viktig. Boka inkluderer nokre tekstprøver (s. 36–38, 58–63, 103–104, 141–142) som det er mindre naturleg å ta med i ei bok skriven for eit internasjonalt publikum som kanskje ikkje les norsk. Tekstprøver er nyttige, særleg dersom boka skal brukast i undervisning. Men eit problem som melder seg for undervisningsføremål, er mangelen på fortløpande referansar “for å lette lesinga” (s. 153; kanskje heller “skrivninga”?). I staden har s. 153–155 eit oversyn over litteratur som arbeidet byggjer på, men til dømes Haugen (1966) er ikkje nemnd der, jamvel om det er vist eksplisitt til Haugens modell for språkplanlegging fleire stader i boka (s. 10, 27, 35, 150). På s. 17 er det nemnt “ei bok frå 1984” av Hans Magnus Enzensberger, men tittelen kjem ikkje fram, korkje der eller i litteraturoversynet. No treng ein ikkje bibliotekarutdanning for å finne fram til *Norsk utakt*, men lell.

Båe bøkene er velskrivne og lettlesne. I 2015 noterte eg nokre feil i bruken av kløyvd infinitiv (t.d. *skape* s. 13), genussamsvar (t.d. *nokon reform/høyring* s. 99), samsvarsbøying av perfektum partisipp (t.d. *preteritum på -a blei påboden* s. 101) og noko anna smårusk, men 2014 har gledeleg få prenteviller. Samnorskmannen Jahr viser seg i nynorsknorma som er vald i 2015: t.d. *bare*,



*befesta* og *skutt* (partisipp) må vel skrivast på den kontoen. Eg vil koste på meg eit lite hjartesukk på vegner av tankestreken: Før i tida var det vanleg med tankestrek for å markere ytterpunkt i t.d. årstal (typen 1917–1966), men dette blir konsekvent ignorert; i 2014 er derimot tankestrek bruka. Skal ein stille høgre typografiske krav til engelske enn norske fagbøker, eller er det skiljet mellom forlaga som er avgjerande?

Først og fremst er *Language planning as a sociolinguistic experiment* ei bok som gjer den særnorske språksituasjonen tilgjengeleg for utanlandske forskarar som er opptekne av språkpolitikk og språkplanlegging, og framstillinga er oppdatert i høve til boka hans Einar Haugen frå 1960-talet. Men det er stoff til ettertanke om samspelet mellom samfunn og (skrift)språk for den som har arbeidd med feltet ei stund òg. Eit poeng som at bokmål har ei heilt unik historie med å bli gradvis fornorska frå eit anna språk (2014: 42, 168), medan nynorsk er utvikla på meir normalt vis som t.d. færøysk og finsk, har til dømes gått mange nordmenn hus forbi. I meir tilgjengeleg form er 2015 høveleg i undervisningssamanheng på lægre nivå, jamvel om veikskapar frå tidlegare inkarnasjonar av *Utsyn* (først og fremst manglande kjeldetilvisingar) heng ved. Det er synd at denne oppdateringa ikkje vart nytta til å bøte på denne mangelen. Båe bøkene nøyer seg med nokre hovudpunkt i dei ulike reformene; det er like greitt, for slike detaljar finn ein lett andre stader.<sup>44</sup> Fokuset på den overordna forteljinga på kostnad av detaljane er etter mitt syn vellukka.

### Referansar

- Haugen, Einar 1966a: *Language Conflict and Language Planning*. Cambridge, MA: Harvard University Press. På norsk som *Riksspråk og folkemål* i 1968.
- Haugen, Einar 1966b: Dialect, Language, Nation. *American Anthropologist* 68 (4), 922–935.
- Jahr, Ernst Håkon 1992 [1986]: Kor gammalt er Noreg? Eit sosiopolitisk perspektiv på skriftspråksnormeringa i Noreg på 1800-talet. Jahr, Ernst Håkon: *Innhogg i nyare norsk språkhistorie*. Oslo: Novus, 9–17.
- Jahr, Ernst Håkon 1989: *Utsyn over norsk språkhistorie etter 1814*. Oslo: Novus.
- Koht, Halvdan 1921 *Arbeidarreiseing og målspørsmål*. Kristiania: Det norske Arbeiderpartis Forlag.

---

4. Språkrådet har eit oversyn på nettsidene sine: <http://www.sprakradet.no/Sprakavare/Norsk/Rettskrivingsreformer/>. Denne sida bør vidareutviklast; t.d. ligg 1917-forma berre føre som skanna biletiler av dei prenta rettskrivingsreglane.

- Torp, Arne & Lars S. Vikør 2003: *Hovuddrag i norsk språkhistorie* (3. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Øverland, Arnulf 1949: *Bokmålet – et avstumpet landsmål*. Oslo: Aschehoug.
- Aasen, Ivar 1864: *Norsk Grammatik*. Christiania: Malling.

*Ivar Berg*  
Institutt for språk og litteratur  
NTNU  
NO-7491 Trondheim  
ivar.berg@ntnu.no